

Sak 5:

Landsstyrets beretning 2021-2022

**SVs 25. ordinære landsmøte
17.-19. mars 2023**

Dato: 18.01.21

#svlm23 | sv.no/landsmote



Melding om landsstyret sitt arbeid i 2021 og 2022

Innleiing	2
Eit parti for dei mange, ikkje for dei få	2
Ei alvorleg tid	2
Folkepartiet	3
Landsmøtet 2021	5
Styrande organ	6
Landsstyret	6
Sentralstyret	12
Arbeidsutvalet	12
Organisatorisk utvikling	13
Medlemmer	13
Lokallag	13
Landsstyret sitt arbeid 2021-2022	14
Organisasjonsfondet	14
Lokallag	14
Fylkeslag	15
Medlemmer	15
Utval	16
Folkevalde	17
Skolering	18
Kampanjar og merkedagar	19
Stortingsvalet 2021	20
Kommunevalet 2023	22
Sosialistisk Ungdom	22
Utoverretta arrangement	22
Kommunikasjon og digitale plattformer	23
Vedlegg	24
Tilsette i perioden	24
Løn og arbeidsvilkår	26

Innleiing

Eit parti for dei mange, ikkje for dei få

SV har i perioden 2021-2022 vekse både i medlemstal, oppslutnad og innflyting. Etter valet i september 2021, der SV fekk 7,6% av stemmene, har partiet fått ei nøkkelrolle i norsk politikk. Trass i at det ikkje lukkast å få på plass ei regjeringsplattform som var tilstrekkeleg offensiv til at SV kunne gå inn i eit regjeringssamarbeid med Arbeidarpartiet og Senterpartiet, har partiet gjennom forhandlingar med regjeringa sikra viktige politiske sigrar for mindre ulikskap og ei meir offensiv klima- og miljøatsatsing.

Ei alvorleg tid

Både nasjonalt og internasjonalt ser vi større utfordringar og eit meir dystert bakteppe enn på mange år. Mellom anna har etterverknadene etter pandemien, manglande handling i møtet med miljøkrisa, krig i Europa, aukande ulikskap og auka avstand mellom folket og makta medverka til sterkare motsetjingar og mindre tru på at demokratiet er i stand til å gjere kvardagen betre for folk. Til trass for nokre lyspunkt er det store biletet internasjonalt at dette fører til auka oppslutnad om antidemokratiske rørsler og det nye ytre høgre.

Russlands angrepskrig mot Ukraina har gjort internasjonal solidaritet, og solidaritet med det ukrainske folket, endå viktigare. I Noreg har krigen ført til ein kraftig auke i prisane. Mange folk med heilt vanlege inntekter opplever no å ha dårleg råd. Folk som allereie sleit har fått det endå meir vanskeleg. Sjølv om Russlands angrepskrig og pandemien er utløysande årsaker, har dei politiske vala som har blitt gjort over tid gjort Noreg mykje meir sårbar. Ein ønska politikk om å gje skattelette til dei som har mest har auka ulikskapen og svekka ein offentleg sektor som skal vere sikkerheitsnett når ein treng det. Reine marknadsløysingar og marknadstankegang på viktige område som helse og energiforsyning har svekka beredskapen og gjort at effektane på folk sin økonomi har blir mykje større enn dei elles hadde blitt. Krigen har også utløyst ein sikkerheitspolitisk debatt i partiet der konklusjonane på denne vil bli tatt på landsmøtet.

Valresultatet 2021 viste eit historisk sterkt fleirtal mot aukande ulikskap og for ein ny kurs. Det er avgjerande for truverdet til heile dette fleirtalet at folk opplever at det bidreg til at kvardagen blir betre og enklare. Manglande ambisjonsnivå på den eine sida, eller mangel på konkrete forslag som kan gjennomførast på den andre sida, er feller som kan gjere at folk mister trua på venstresida sine løysingar.

SV si rolle i norsk politikk og på norsk venstreside er nettopp å kombinere eit ambisjonsnivå som står i stil med dei utfordringane vi står overfor, med ein konkret politikk som kan gjennomførast. I møtet med dyrtid treng vi ein politikk for mindre ulikskap, som hjelper folk. I møtet med klima- og naturkatastrofen treng vi ein politikk som får ned utsleppa, og som gjer det på ein slik måte at det ikkje er folk med lite pengar som blir sitjande med rekninga, og at folk får ny jobb i staden for å mista jobben. Vi kan heller ikkje sende rekninga ut av landet og kutte i den internasjonale solidariteten, i ei tid der denne trengs meir enn nokon gong. I budsjettforhandlingane med regjeringa har difor SV prioritert tiltak som får ned utsleppa, bidreg til ei rettferdig omstilling, møter dyrtida, utvidar sikkerheitsnett i velferdsstaten og omfordelar frå dei som har mykje, til folk med små og vanlege inntekter.

Arbeidet med forhandlingar etter valet blei gjennomført i tråd med løfta frå valkampen, og landsstyret sitt vedtak om hovudsaker. Mellom mykje anna har vi fått på plass gratis SFO for første- og andreklassingane, og vi har satt i gang tannhelsereforma. Vi har reversert usosiale kutt frå Solbergregjeringa og fått på plass ein skattepolitikk for mindre ulikskap. I møtet med dyrtida har vi sikra straumstøtte, meir til minstepensjonistar, studentar og uføre, og

barnetrygd, bustønad og dagpengar. Vi har stoppa den 26. konsesjonsrunden, stoppa oljeleiting innanfor iskanten og sikra støtte til fleire viktige tiltak for å få ned utsleppa. Arbeidet med avkommersialisering av velferdsstaten er i gang, og vi har fått gjennomslag for ei viktig tillitsreform i staten. Vi har også sikra den internasjonale solidariteten gjennom midlane til bistand og utvikling.

Dette er døme på tiltak som gjer ein stor forskjell i folk sine liv og som ikkje hadde kome på plass utan SV si avgjerande rolle. Dette viser litt av potensialet i stortingsfleirtalet. Samtidig er det også slik at veldig mange har fått det tyngre dei siste åra, sidan dei politiske tiltaka ikkje er kraftige nok til å motverke prisstigning og renteauke.

Det var ein skuffelse for mange at det, trass i eit historisk radikalt stortingsfleirtal, ikkje var mogleg å få på plass ei regjeringsplattform som var tilstrekkeleg offensiv i møtet med dei store utfordringane. Sjølv om målet om ei raudgrøn fleirtalsregjering ikkje ble nådd, har partiet forvalta valresultatet på ein god måte og sikra viktige gjennomslag. Resultata i forhandlingane på Stortinget, sett opp mot det som var mogleg i regjeringssonderingane, har vist at det var ei riktig avgjerd å gå i opposisjon.

Som det står i landsstyret sin arbeidsplan for 2022-25:

Det rødgørne forandringpartiet søker ikke makt for maktens skyld, men for å levere resultater for miljø og rettferdighet. SV søker derfor samarbeid, men legger også press på regjeringen. SV vil samarbeide med regjeringen i den grad det bidrar til en faktisk gjennomføring av en politikk for miljø og rettferdighet. SV er villig til å inngå kompromiss, men ikke om den politiske retningen.

Folkepartiet

Prioriteringa av det organisatoriske arbeidet har halde fram i perioden. Det er framleis slik at vi treng ein større og sterkare organisasjon om vi skal ha moglegheit til å nå dei politiske måla våre.

Landsstyret vedtok i januar 2022 arbeidsplan og budsjett for perioden 2022-2025. Planen er gjensidig forpliktande for heile organisasjonen og vil bli revidert etter valet i 2023. Landsstyret satsar i denne fireårsperioden sterkt på å bygge lokalorganisasjonen gjennom å særleg skolere og støtte tillitsvalde og folkevalde.

Sjølv om SV har gått noko tilbake i medlemstal siste året, har vi i landsmøteperioden halde fram medlemsveksten, med 660 fleire medlemmer enn ved sist landsmøte. Det er ikkje unaturleg for eit politisk parti å miste medlemmer i ikkje-valår, og det er difor svært positivt at perioden under eitt viser at medlemsveksten held fram. Sidan 2014 er medlemstalet nesten dobla.

Ei viktig satsing som blir vidareført i det organisatoriske arbeidet, er å finne rom og arbeidsmåtar som gjer det lettare å bli aktiv i partiet, og som opnar for fleire ulike former for aktivitet. Dette arbeidet har blitt satt noko tilbake av pandemien, sidan denne gjorde det vanskelegare for lokallaga å arrangere aktivitetar og inkludere nye medlemmer. Som i frivilligheita elles ser vi at det har vore utfordrande å kome tilbake til aktiviteten ein deltok i tidlegare. Dette har også gjort satsinga på å få partiet meir vendt utover i arbeidet vanskelegare. Samtidig ser vi at mange lag har høg aktivitet og er flinke til å inkludere nye medlemmer.

SV er ein koalisjon av medlemmer med bakgrunn og tyngdepunkt i ulike rørsler. Det har vore ei stor styrke at partiet, med landsstyret i spissen, har handtert krevjande diskusjonar på ein

god måte. Særleg er dette viktig når vi har makt til å påverke norsk politikk. Både den internasjonale situasjonen og heimlege prioriteringar har medført store og viktige diskusjonar. Det har i perioden vore, og vil også framover vere, avgjerande at desse diskusjonane blir tatt med respekt for usemje og med eit felles ansvar for heilskapen. Også her har vi tatt viktige steg i perioden.

SV sin posisjon i norsk politikk i dag er meir viktig og gir oss meir innverknad enn på lenge. Vi er sterkare enn for to år sidan, både politisk og organisatorisk. Med fleire medlemmer og auka oppslutnad har vi eit godt fundament for vidare arbeid.

Landsmøtet 2021

Landsmøtet blei gjennomført 23.-25. april 2021. På landsmøtet møtte 101 fylkesvalde delegatar, 8 delegatar frå SU og 36 delegatar frå landsstyret med fulle rettar.

Hausten 2020 vedtok landsstyret at landsmøtet skulle planleggast ut i frå både eit fysisk og eit digitalt alternativ grunna uvisse rundt smittespreiing og restriksjonar som følgje av pandemien. Dette medførte at det blei gjort endringar i forretningsorden og delegattal, og bruk av eit digitalt voteringssystem som skulle vere tilpassa begge alternativa.

Då det vart tydeleg at eit fullskala fysisk landsmøte ikkje ville la seg gjennomføre blei organisasjonen førebudd på ei digital gjennomføring. Partileiinga, komitéleiarar og tilsette som var nødvendig for ein digital produksjon følgde landsmøtet frå Scandic Hamar, medan fylkesdelegasjonane sat samla nokre stader, eller kvar for seg andre stader. Sjølv om den digitale gjennomføringa medførte nokre utfordringar, var tilbakemeldingane frå delegatane at det blei ei ryddig og positiv oppleving.

Vedtak på landsmøtet

Landsmøtet vedtok partiet sitt arbeidsprogram for perioden 2021-2025. Grunna den digitale gjennomføringa blei det ikkje behandla uttalar på landsmøtet utanom «Tid for forandring,» ein maktuttale som stadfesta SV si posisjon inn mot stortingsvalet 2021.

Styrande organ

Landsstyret

Landsstyret gjennomførte sju ordinære møte i 2021, tre ekstraordinære møte og to informasjonsmøte. Dei siste to i samband med regjeringssonderingar i etterkant av valet. Berre dei ordinære landsstyremøta i september og november 2021 blei gjennomført fysisk, sidan smittevernrestriksjonar prega mykje av året. Landsstyret handsama totalt 54 saker i 2021.

Landsstyret gjennomførte fem ordinære møte i 2022 og fire ekstraordinære digitale møter, der tre av dei blei gjennomført i samband med Russlands angrepskrig mot Ukraina. Det blei handsama totalt 46 saker i løpet av året.

På møtet i november 2021 vedtok landsstyret ein ny arbeidsplan for perioden 2022-2025 med overordna mål for perioden, og på møtet i januar 2022 vart desse konkretisert med tiltak og budsjett for heile perioden.

I tillegg til å styre partiprossessar og følge opp arbeidsplanen, har landsstyret vedteke ei organisasjonserklæring som omtalar korleis landsstyret vil at organisasjonen skal arbeide, og forholdet mellom dei ulike organisasjonsledda. I mai 2022 vedtok landsstyret ei nasjonal plattform for lokalvalet 2023 som eit politisk utgangspunkt for valkamparbeidet fram mot 2023. Pandemien, og etterverknaden av denne, gjorde det nødvendig å justere og prioritere i tiltak i arbeidsplanane alt etter kva restriksjonar og ressursar som til ei kvar tid var tilgjengeleg.

Vedtektene fastslår at SV sitt partiprogram er samansett av prinsippprogrammet og arbeidsprogrammet. Det har derimot ikkje vore ei klar deling mellom desse. For å rette på dette har landsstyret i perioden satt ned ein programkomité som fekk som mandat å kome med forslag til både nytt prinsippprogram i framkant av landsmøtet i 2023, og til nytt arbeidsprogram før landsmøtet i 2025. Målet med arbeidet er å få ein meir heilskapleg tanke bak kva som ligg i kva program, samt å hindre overlapp eller motstridande vedtak. Prinsippprogrammet skal innehalde partiet sine prinsipp og langsiktige mål og strategiar som går utover ein fireårsperiode. Arbeidsprogrammet skal reindyrkast til å vere eit program for valperioden 2025-29.

Uttalar frå landsstyret

Landsstyret har vedteke følgjande uttalar i perioden:

2022

- Verden trenger et bærekraftig havbruk
- Stopp raseringen av fødetilbudet
- Like rettigheter og plikter
- Kvinne – liv – frihet
- SV fordømmer det iranske regimet
- Et inkluderende og mangfoldig akademia
- SV støtter demokratibevegelsen i Myanmar
- Norge må øke støtten til demokrati og menneskerettigheter globalt
- Vi treng rene fjordar og eit hav i balanse
- Vann og avløp – tempoet må opp
- Friskmeld fastlegeordningen
- Stans oppsplittingen av jernbanen

- Solidaritet med Ukraina
- Stopp institusjonaliseringen
- En differensiert fødselsomsorg over hele landet
- Nå trenger Norge bonden
- Støtte til energiltak folk har råd til
- Strømmen er folkets eiendom
- Stopp utflaggingen av Norgesplaster
- Barns rettsikkerhet i utvisningssaker må styrkes

2021

- SV fordømmer bruddene på menneskerettigheter og internasjonal rett i Belarus og på den belarusiske grensen til EU
- Innfri Hurdalsplattformen – jernbanen ut av EUs konkurransetvang
- Datalagring må vera demokratisk styrt
- Styrk retten til fri rettshjelp og voldsoffererstatning, ikke svekk den!
- Nei til amerikanske bombefly på norsk jord
- Forsvar folkeretten, heime og ute
- Eksperimentet regionreformen må avsluttes så raskt som mulig

Samansetjing av landsstyret

Utvalsleiarar og direktevalde landsstyrerepresentantar:

Jarle Brattespe, miljøpolitisk leiar, Vestland

Vara: Gunnell E.G. Sandanger, Oslo

Heming Olaussen, EU/EØS-politisk leiar, Vestfold og Telemark

Vara: Cathrine Ertsås, Oslo

Ingrid Hødnebo, kvinnepolitisk leiar, Oslo

Vara: Maria Bonita Igland, Oslo

Astrid T. Kjelsnes, fagleg leiar, Trøndelag

Vara: Karianne Hansen Heien, Oslo

Gjermund Skaar, internasjonal leiar, Viken

Vara: Ingeborg Moe, Oslo

Camilla Ahamath, inkluderingspolitisk leiar, Vestland

Vara: Sara Lilleberg Safavifard, Oslo

Landsstyrerepresentantar frå fylka:

Viken

Rannveig Kvifte Andresen

Erlend Ødegård Kåsereff, Heidi Larsen frå mars 2022

1. vara: Heidi Larsen, Stine Høivik frå mars 2022
2. vara: Anders Ekeland, Sigve Fredriksen frå mars 2022
3. vara: Stine Høvik, Linn Emilie Hexeberg frå mars 2022
4. vara: Asbjørn Grønland

Oslo

Kristian Takvam Kindt

Sunniva Holmås Eidsvoll

1. vara: Marianne Borgen
2. vara: Steinar Heldal
3. vara: Hanne Lyssand

4. vara: Omar Samy Gamal

Innlandet

Anne Lise Fredlund

Amund Røhr Heggelund

1. vara: Dag Øystein Alfheim, Anne Bi Hoffsten frå mars 2022
2. vara: Ranveig Kjelsnes, Dag Øystein Alfheim frå mars 2022
3. vara: Svein Holen, Arne-Edgar Rosenberg frå mars 2022
4. vara: Gunn Bråten, Stine Akre frå mars 2022

Vestfold og Telemark

Grete Wold

Vilde Berg-Nilsen

1. vara: Olav Sannes Vika
2. vara: Øyvind Olsen
3. vara: Sanja Pasovic
4. vara: Lise Larsen

Agder

Mirell Høyer-Berntsen, Inger Brokka de Ruiten frå mars 2022

Inger Margrethe Stoveland, Tonje Alvestad frå mars 2022

1. vara: Jason Kannemeyer
2. vara: Inger Brokka de Ruiten, Mali Steiro Tronsmoen frå mars 2022
3. vara: Mali Steiro Tronsmoen, Eva Hinlo frå mars 2022
4. vara: Eva Hinlo, Fredrick Høyer-Berntsen frå mars 2022

Rogaland

Ingrid Fiskaa

Anniken Heimdal Tjøstheim

1. vara: Eirik Faret Sakariassen
2. vara: Heidi Bjerga
3. vara: Joakim Ramsland
4. vara: Tone Mari Sand

Vestland

Torunn Olsnes, Sara Bell frå mars 2022

Hege Lothe

1. vara: Akhtar Chaudry, Torunn Olsnes frå mars 2022
2. vara: Åsmund Berthelsen
3. vara: Vibeke Johnsen, Rafael Cobo Garrido frå mars 2022
4. vara: Tone Mjelde, Gaute Losnegård frå mars 2022

Trøndelag

Ottar Michelsen

Ellen Samuelsen

1. vara: Tore Aasheim, Victoria Skjønhaug frå november 2021, Tore Aasheim frå mars 2022
2. vara: Victoria Skjønhaug, Tore Aasheim frå november 2021, Hilde Danielsen frå mars 2022
3. vara: Erlend Andresen, Rakel Skårslette Trondal frå november 2021, Kåre Aalberg frå mars 2022
4. vara: Erlend Andresen frå november 2021, Gunn Kaaløy Spilling frå mars 2022

Møre og Romsdal

Bjørn Jacobsen

Marit Aklestad

1. vara: Line Karlsvik
2. vara: Ole August Iversen
3. vara: Yvonne Wold
4. vara: Skafti Helgason

Nordland

Åshild Pettersen

Christian Torseth

1. vara: Aase Refsnes
2. vara: Vegard Lind-Jæger
3. vara: Camilla Rostad
4. vara: Kristian Haukalid

Troms og Finnmark

Bjarne Rohde

Anita Elin Ingebrigtsen

1. vara: Maja Lockert
2. vara: Sigurd Richardsen, Amy Brox Webber frå mars 2022
3. vara: Elin Mathisen, Faez Maroki frå mars 2022
4. vara: Parabaran Rajalingam, Marianne Bilden frå mars 2022

Representantar med tale- og forslagrett:

Endre Flatmo, tilsettrepresentant

Solveig Skaugvoll Foss, Skeive sosialistar, Cathrin del Rio Honningsvåg frå februar 2022

Mikkel Berg-Nordlie, Samepolitisk nettverk, Lina Maria Karlsen frå oktober 2022

Camilla Huggins Aase, SVs Funkisnettverk

Silje Høgelid, Sosialistiske studentar (talerett), frå september 2022

Minoritetsnettverka og Sosialistiske studentar er gitt rettar gjennom landsstyret sin forretningsorden.

Utval satt ned av landsstyret

Internasjonalt utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Gjermund Skaar (leiar)
2. Haitham El-Noush
3. Ingeborg Moa
4. Oda Sofie Heien Larsen
5. Catharina Bu
6. Beathe Øgård
7. Per Botolf Maurseth
8. Rolf Vestvik
9. Ingrid Stolpestad
10. Charlotte Lysa
11. Anne Marte Skaland
12. Rafael Cobo
13. Peder Østebø

14. Celia Lima
15. Stine Østnor
16. Elisabeth Aaserød
17. Morten Ekeland
18. Heidi Lundeberg
19. Alexander Lange (SU), Kaja Yngsdal Hilleren frå juni 2022

Kvinnepolitisk utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Ingrid Hødnebo (leiar)
2. Maria Bonita Iglund
3. Aila Kamaly
4. Marianne Bilden
5. Line Veto Tollefsen
6. Mona Berger
7. Line Karlsvik
8. Vibeke Johnsen
9. Trine Rogg Korsvik
10. Sidsel Fjelltun
11. Cathrine Linn Kristiansen
12. Maria Hindahl
13. Lise Langåker
14. Bjørg Tveter
15. Stine Høivik
16. Amina Bile
17. Sunniva Leikanger Yndestad (SU), Linnea Sandsberg frå juni 2022

Fagleg utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Astrid Kjelsnes (leiar)
2. Marianne Sæhle
3. Ingunn Gjerstad
4. Tine Olsen
5. Sara Bell
6. Esben Smistad
7. Atle Forfang Rostad
8. Charlott Pedersen
9. Erlend Andresen
10. Karianne Hansen Heien
11. Geir Ove Kulseth
12. Leif Helland
13. Knut Øygaard
14. Julie Wilhelmsen
15. Steinar Nørstebø
16. Audun Hammer Hovda (SU), Emma Pedersen frå juni 2022

Miljøpolitisk utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Jarle Brattespe (leiar)
2. Gunnell Sandanger
3. Astrid Landstad

4. Halvard Raavand
5. Helga Hustveit
6. Ragnhild Freng Dale
7. Åsmund Berthelsen
8. Mirell Høyser-Bertnsen
9. Ingrid Opedal
10. Ingrid Petrikke Olsen
11. Lars Egeland.
12. Silje Salomonsen
13. Aase Refsnes
14. Ingrid Hvidsten Gabrielsen
15. Frida Nodeland Indregard (SU), Viktor Moe Hegerberg frå juni 2022

Inkluderingspolitisk utval:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Camilla Ahamath (leiar)
2. Sara Lilleberg Safavifard
3. Paraban Rajalingam
4. Gülay Kutal
5. Hasti Hamidi
6. Isis Sunniva DeLeon
7. Torgeir Selboe
8. Haifa Al- Edgy
9. Atia Ijaz
10. Omar Samy Gamal
11. Heidi Wittrup Djup
12. Latifa Nasser
13. Rebecca Staurseth
14. Silje Oskar
15. Bulent Dogani
16. Mary-Anne Karlsen
17. Nilofar Nori (SU), Linnea Sandsberg frå juni 2022

EU/EØS-utvalet:

Utvalet har i perioden vore samansett av:

1. Heming Olaussen (leiar)
2. Dag Seierstad
3. Heidi Larsen
4. Cathrine Ertsås
5. Tor Brostigen
6. Christian Torseth
7. Jørn Grøtberg
8. Oddrun Årflot
9. Morten Harper
10. Paul Magnus Gamlemshaug
11. Åshild Pettersen
12. Hanne Eldby
13. Bjørn Ola Opsahl
14. Reidun Heggen
15. Ranveig Kjelsnes
16. Emil Kvebæk Øvretveit (SU), Guro Steinsholt frå oktober

Sentralstyret

Sentralstyret hadde 18 møter i 2021, og handsama til saman 105 saker. I 2022 hadde sentralstyret 13 møter, og handsama til saman 84 saker.

Sentralstyret i perioden

Leiar og parlamentarisk leiar: Audun Lysbakken

Nestleiar: Kirsti Bergstø

Nestleiar: Torgeir Knag Fylkesnes

Partisekretær: Audun Herning

AU-medlem: Aila Emilie Kamaly

Sentralstyremedlem: Sheida Sangtarash

Sentralstyremedlem: Gina Barstad

Sentralstyremedlem: Knut Øygard

Sentralstyremedlem: Ådne Naper

Sentralstyremedlem: Lena Reitan

SU-leiar: Synnøve Kronen Snyen

Varamedlemmer:

1. varamedlem: Hilde Danielsen

2. varamedlem: Amund Røhr Heggelund

3. varamedlem: Eirik Faret Sakariassen

4. varamedlem: Stine Akre

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har i perioden vore samansett av Audun Lysbakken, Kirsti Bergstø, Torgeir Knag Fylkesnes, Audun Herning og Aila Emilie Kamaly. AU har hatt 30 møter i 2021 og 39 møter i 2022.

Organisatorisk utvikling

Medlemmer

Medlemsutvikling 2020-2022, fordelt på fylka

Fylkeslag	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Endring 20-22	Endring i %
Agder	672	761	728	56	8,3
Innlandet	895	994	922	27	3,0
Møre og Romsdal	692	745	680	-12	-1,7
Nordland	940	971	886	-54	-5,7
Oslo	3 103	3 586	3 495	392	12,6
Rogaland	933	1 038	1 007	74	7,9
Troms og Finnmark	1 151	1 235	1 105	-46	-4,0
Trøndelag	1 503	1 634	1 512	9	0,6
Vestfold og Telemark	1 033	1 109	1 039	6	0,6
Vestland	2 021	2 206	2 110	89	4,4
Viken	2 301	2 583	2 425	124	5,4
SV sentralt	48	65	43	-5	-10,4
Totalt	15 292	16 927	15 952	660	4,3
Endring frå året før	96	1 635	- 975		
Endring i % frå året før	0,6	10,7	-5,8		
Gjenbetaling	14 238	15 348	14 524		
Auke i prosent	3,0	7,8	-5,4		
Nye medlemmer	1 398	2 277	968		
Aktive utmeldingar	-797	-817	-950		

Lokallag

Utvikling i talet lokallag 2020-2022, fordelt på fylka

Fylke	31.12.2020	31.12.2022
Agder	17	13
Innlandet	35	29
Møre og Romsdal	21	21
Nordland	32	32
Oslo	16	16
Rogaland	17	17
Troms og Finnmark	29	30
Trøndelag	32	29
Vestfold og Telemark	19	18
Vestland	32	33
Viken	41	40
	291	278

Landsstyret sitt arbeid 2021-2022

Landsstyret vedtok i 2016 ein langsiktig arbeids- og organisasjonsplan for perioden 2016-2021, og denne har blitt konkretisert ved inngangen til kvart nytt år, saman med budsjett for det same året. Ved inngangen til 2022 vedtok landsstyret ein ny arbeidsplan og budsjett, for perioden 2022-2025. Landsstyret rapporterer dermed i denne beretninga på arbeidet for to ulike arbeidsplandokument.

Å bygge ein sterk partiorganisasjon har vore sentralt i begge arbeidsplanperiodane. Dette er ein føresetnad både for god medlemsoppfølging og for politisk gjennomslag. Landsstyret har difor prioritert det organisatoriske arbeidet. Nedanfor følgjer ei evaluering av partiet sine aktivitetar, og ei vurdering av i kva grad landsstyret sine egne målsetjingar er nådd.

Organisasjonsfondet

Det har vore satt av kr 400.000 i budsjettmidlar årleg til SV sitt organisasjonsfond, for tildeling av støtte til aktivitetar og prosjekt i partiorganisasjonen.

I 2021 vart det tildelt midlar til 39 ulike prosjekt, og det vart løyvd til saman kr 321.186.

I 2022 har det vore ein relativt stor auke i talet søknader, og heile 58 søkjarar har fått tildelt midlar. Det har vore løyvd til saman kr 481.054.

For begge åra har rapportane frå lokal- og fylkeslaga vist at ein har brukt mindre pengar enn ein har fått tildelt, og dette har gjort at det står att ubrukne budsjettmidlar begge åra.

Lokallag

Ved utgangen av 2022 har SV 281 lokallag, ein nedgang frå 291 lokallag i 2020.

Eit overordna mål i arbeidsplanen har vore å få meir aktive lokallag. Aktivitetsnivået i 2021 blei justert ned, anten som ei følgje av at koronarestriksjonar gjorde det vanskeleg å arrangere fysiske møtestader eller fordi medlemmer blei metta på nettmøte. Tillitsvalde som hadde tilpassa aktiviteten i lokallaget til ei kvar tid gjeldande regler var også slitne.

Til trass for dette har lokallaga planlagt og gjennomført gode valkampar, heldigvis under ordinære forhold med høve til å ha direkte veljarkontakt. Lokallag har meldt om at det var ei stor glede å få lov til å møtast igjen for å drive valkamp, samtidig som fleire også har meldt at det ikkje var like lett å mobilisere den same gjengen til aktivitet som tidlegare.

SV er ikkje den einaste medlemsorganisasjonen som har hatt utfordringar med aktivitet og mobilisering til langt inn i 2022. Det har difor vore prioritert å skape forslag til lågterskels-aktivitetar for lokallaga, som skulle vere enkle å ta frå ide til gjennomføring. Desse har vore lagt ut på inspirasjonssidene i Ressursbanken på sv.no. Her er det også lagt ut suksesshistorier frå lokallag som har gjennomført flotte vellukka aktivitetar og arrangement, som gode døme andre lokallag kan bruke. Slik har det blitt synleggjort at det har blitt gjennomført spennande aktivitetar landet rundt i perioden.

For å skape meir aktivitet og fleire moglegheiter for at medlemmer kan engasjere seg, har Bergen SV etablert bydelslag. Med denne oppdelinga er det også mogleg for fleire medlemmer å ta på seg verv, og få betre representasjon av lokale saker i byen. Bydelslaga har temamøte om alt frå internasjonal politikk til lokal skoleveg.

Fylkeslag

SV har hatt 11 fylkeslag i heile perioden, men i løpet av 2022 blei det klart at tre av landets fylker vil bli oppløyst, slik at dei får tilbake fylkesgrensene som eksisterte før regionreforma. Dette betyr at dei tre fylkeslaga Troms og Finnmark SV, Vestfold og Telemark SV samt Viken SV også vil dele seg opp, og frå 2023 vil dei tre ha blitt til sju fylkeslag. Fylkeslaga har brukt mykje ressursar på oppdelingsprosessen, og har også fått praktisk og økonomisk bistand frå SV sentralt til dette.

Alle fylkeslag har ein fylkessekretærressurs, og i løpet av perioden har fleire fylkeslag valt å overføre arbeidsgjevaransvaret til SV sentralt. Frå 1.1.2023 har SV sentralt arbeidsgjevaransvar for alle fylkeslaga. Arbeidsleiaransvaret ligg framleis i fylkeslaga.

I perioden har landsstyret styrka økonomifunksjonen på partikontoret, slik at fylkeslaga har fått tilbod om å kjøpe rekneskapstenester sentralt framfor å løyse dette med egne personalressursar eller kjøp av eksterne tenester. Fem av fylkeslaga har til no valt å gå inn på eit samarbeid, og på den måten fått frigjort meir personalressursar til organisatorisk arbeid.

Det blei arrangert eiga samling for fylkesleiarar og fylkessekretærar i september 2022. I tillegg deltok også eitt fylkesstyremedlem frå kvart fylke. I tillegg har tilsette i fylka delteke på halvårlege strategisamlingar med tilsette på partikontoret og i stortingssekretariatet, sentralstyret og stortingsgruppa. I juni 2021 blei det også arrangert ei eiga samling for fylkessekretæranane på partikontoret.

I 2021 blei det utvikla eit tredelt skoleringsopplegg for fylkesstyra, som alle fylkeslag skal gjennomføre årleg. Dette er ein del av SV si tillitsvaldskolering.

Medlemmer

Ved utgangen av 2022 hadde SV 15.952 medlemmer. Dette er ein nedgang på 975 medlemmer frå 2021, då SV hadde 16.927 medlemmer, men ei auke på 660 frå 2020, då medlemstalet var 15.292.

Eit overordna mål i perioden har vore å aktivisere fleire medlemmer. I tillegg til det gode arbeidet som har vore lagt ned i lokallaga med å involvere medlemmer i politiske prosessar, valkamp og andre frivilligoppgåver, har SV-appen blitt lansert og vidareutvikla. Appen skal gjere det mogleg for alle medlemmer, uavhengig av kor mykje tid ein har, kvar ein bur eller kva ein er oppteken av, å bli ein del av fellesskapet og bidra på sin måte.

I 2021 og 2022 blei det arrangert «Ny i SV»-nettmøte og fleire digitale møte som har vore opne for alle medlemmer. I 2022 vart alle medlemmene invitert til ein stor haustkonferanse i samband med lansering av forslaget til prinsippprogram. Her deltok over 400 personar frå heile landet. Under konferansen blei det arrangert eit «Ganske ny i SV»-møte, for medlemmer som hadde meldt seg inn mellom starten av pandemien og oktober 2022, og der fekk mange møte andre SV-arar for første gong.

Alle medlemmer blei invitert til nettmøte om korleis få verv i SV i november 2021 og november 2022.

I november 2022 vart det sendt ut ei stor medlemsundersøking til alle medlemmer i partiet, som 3500 medlemmer har svart på. Det er 2000 fleire enn dei som svarte på førre store undersøking, gjennomført i 2017. Resultata av denne vil bli lagt fram i januar 2023, og vil gje svar på viktige spørsmål som vil påverke det vidare arbeidet med å få engasjert stadig fleire medlemmer. Spørsmål har t.d. vore korleis ønskjer du å bidra i SV, kva står i vegen for å få engasjert deg slik du ønskjer, kva er du oppatt av, i tillegg til ei rekke andre viktige spørsmål.

Medlemsverktøyet Zetkin

Sentralt har SV vidareført samarbeidet med fylkeslaga om å bruke Zetkin til rekruttering, kartlegging og mobilisering av frivillige i god tid før valkampen. Til valkampen i 2021 var det endå fleire lokallag som tok verktøyet i bruk enn i 2019, og nokre lag har blitt veldig inspirert, og bidreg til og med i kursing av resten av organisasjonen i bruk av Zetkin.

Nokre lag har òg hatt dårlege erfaringar med Zetkin, dei har ikkje fått utbyttet verken dei eller sentralt har ønskt, og dette er det teke omsyn til. I 2022 har fokuset difor vore på å snakke og lære bort metoden for organisering og mobilisering som ligg til grunn for Zetkin som verktøy, framfor å ha ei kursrekke i korleis ein brukar verktøyet. Det er arbeidd ut frå ein tanke om at når fleire lokallag kan og brukar den gode metoden, så vil nytten av eit verktøy som Zetkin vise seg raskt.

Kurs i metode i 2022 er ei god førebuing til eit nytt og enklare grensesnitt i Zetkin i 2023, som i langt større grad vil rettleie brukaren i god planlegging og god mobilisering enn versjonen som har vore brukt så langt.

Det har både i 2021 og 2022 blitt gjennomført styreskolering på nett for nye lokallagsleiarar etter at årsmøta i laga var gjennomført. Eit tilsvarande møte blei også gjennomført på hausten.

Utval

SV har i perioden hatt internasjonalt utval, kvinnepolitisk utval, miljøpolitisk utval, fagleg utval, inkluderingsutval og EU/EØS-utvalet. Kvart av desse utvala har eit tilhøyrande forum. I organisasjonserklæringa landsstyret vedtok i 2022 blir rollene dei ulike utvala, foruma og nettverka har i og utanfor partiet klargjort.

Det er også tre minoritetsnettverk som har rettar i landsstyret: Skeive sosialistar, Funkisnettverket og Samepolitisk Forum. I tillegg fekk SV sitt studentnettverk rettar i landsstyret i 2022.

I perioden har SV og SU blitt einige om ei organisering av studentarbeidet som medfører at studentlaga er organisert i SV og at SV har ansvar for å følgje opp studentarbeidet. SU er ein viktig bidragsytar i dette arbeidet. Studentane har organisert seg gjennom Sosialistisk Studentnettverk. Eit nettverk som i perioden har blitt sterkare og fått ein meir formalisert struktur. Nettverket gjer ein god jobb med å følgje opp studentane, og samarbeidet fungerer godt. Dette var mykje av bakgrunnen for at nettverket fekk møterett i landsstyret, slik at studentane har ei stemme inn der. Grunnlaget er dermed lagt for ei ytterlegare styrking av studentarbeidet i perioden.

I perioden har det også eksistert ulike politiske nettverk i partiet, som ikkje har formell posisjon i partiet sine avgjerdsprosessar. Nettverka engasjerer mange medlemmer og skaper verdifulle bidrag til partiet innanfor sine politiske område. Nettverka har vore innanfor helsepolitikk, kulturpolitikk og rettspolitikk, i tillegg til SV sitt teiknspråknettverk.

Samepolitisk Forum har rettar i partiet som blei formalisert i partiet sine vedtekter på førre landsmøte. I 2021 og 2022 har det blitt gjennomført samepolitiske konferansar, der forumet sine medlemmer mellom anna har valt Samepolitisk råd.

Fleire av utvala har i perioden arrangert eigne konferansar og innspelsmøte, og har utvikla politikk på sine område og fremja forslag og uttalar i landsstyret.

Folkevalde

Partikontoret si oppfølging av folkevalde har i perioden vore prioritert gjennom månedlege nyheitsbrev, utvikling av politiske pakkar og særleg oppfølging av unge folkevalde. Folkevaldportalen på sv.no har blitt halde oppdatert gjennom perioden.

SV sine folkevalde har i perioden motteke følgjande politiske pakkar frå partiet sentralt, og desse har også blitt gjort tilgjengelege i Folkevaldportalen:

- Ressursar og mal for innlegg om arbeidsløyse og permitteringar som følgje av smittevernrestriksjonar
- Informasjon om kommuneoppnop for FN si naturavtale
- Valkampressursar for stortingsvalet 2021 tilpassa lokalt folkevalde
- Informasjon om deltaking i ICAN Cities Appeal
- Interpellasjon og lesarinnlegg om flyktningar frå Ukraina
- Innspel til regjeringa sitt forslag til kommuneproposisjon og seinare SV sitt forslag til dette
- Notat om lærarstreiken
- Ressurspakke om prøveprosjekt med demokratiguide for auka valdeltaking
- Ressurspakke om SV si tannhelsekampanje
- SV sitt alternative statsbudsjett for 2021 og 2022 med oversyn over kommune- og fylkesøkonomien
- Interpellasjonar frå Helsepolitisk nettverk
- Forslag om å hindre avkorting av sosialhjelp grunna auka statlege utbetalingar
- Notat om kommunale bustadstiftingar

I tillegg har lokale folkevalde fått ad hoc-bistand og oppfølging i samband med store og små lokale saker.

SVs sine folkevalde har også motteke ressursar og møteinvitasjonar i folkevaldbreva:

- Digitalt møte om Nasjonal transportplan
- SV sin vervekampanje
- Månadlege møte med SV sine stortingsrepresentantar
- Digitalt møte om SVs straumpolitikk
- Dialogmøte om statsbudsjettet og kommunesektoren med SV sin representant i KS sitt hovudstyre
- Invitasjon til å kome med innspel til statsbudsjettet
- Internasjonal studietur
- Kandidatsamling i juni 2023
- Notat om politisk behandling av KS sitt debatthefte
- Invitasjon til å vere mentor for nye folkevalde
- Invitasjon til innspel til utarbeiding av SV sine handbøker for folkevalde

Våren 2021 blei det oppretta eit eige nettverk for kvinnelege folkevalde. Det er i praksis ei eiga e-postliste samt ei eiga gruppa på Facebook.

I november 2021 blei det arrangert ei samling for unge folkevalde i samarbeid med Sosialistisk Ungdom.

I april 2022 blei det gjennomført ein digital folkevaldkonferanse. Konferansen blei produsert og sendt frå eit studio i Oslo med over hundre pålogga deltakarar frå heile landet.

I august 2022 vart partikontoret styrka med ein dedikert ressurs til oppfølging av lokale folkevalde, gjennom ei eiga stilling som folkevaldrådsgjevar.

Frå Våren 2022 har det blitt gjennomført månadlege digitale møte mellom SV sine stortingsrepresentantar og lokale folkevalde, med mål om å gjere SV sine folkevalde betre oppdatert på kva som skjer på Stortinget. Stortingsrepresentantane har byta på å delta på desse. Møterekka vil bli evaluert før ein tek stilling til om dei skal vidareførast.

Det er også halde dialogmøte mellom SV sin representant i KS sitt hovudstyre og lokale folkevalde i samband med framlegging av statsbudsjettet og kva konsekvensar dette vil medføre for kommuneøkonomien.

Oppfølging av partiet sine fylkespolitikarar har blitt styrka med nye møtestader. Hausten 2022 blei det halde ei eiga samling for SV sine folkevalde på fylkestinga, i samband med SV sin haustkonferanse.

Oppfølging av partiet sine ordførarar og varaordførarar har også blitt styrka med eigne møtestader. Det blei gjennomført eit digitalt møte om statsbudsjettet hausten 2022, og ei fysisk samling er planlagt gjennomført i januar 2023.

Det vil bli utarbeidd to handbøker for lokale folkevalde. Ei for det lokale budsjettarbeidet og ei som særleg legg vekt på ombudsrolla og korleis ein kan arbeide med lokale saker og rørsler. Dette arbeidet er satt i gang, og det er etablert ressursgrupper med eit utval lokale folkevalde. Målet er å slutføre desse før kommune- og fylkestingsvalet i 2023.

Det har og vore arbeidd med rutinar for å hente inn og framheve døme på godt arbeid av SV-arar i kommunestyre, på ein måte som både inspirerer og gjer det enkelt å følge opp for folkevalde i andre kommunar.

Skolering

I arbeidsplanane for perioden er det stadfesta eit behov for ei brei satsing på skolering fram mot stortingsvalet i 2021 og kommunevalet i 2023. Det er også fastlagt at for å sikre organisatorisk vekst så må vi ha tillitsvalde som er godt skolerte i vervet, og som kjenner til ressursane i fylket og sentralt. Skolering i verv har difor vore særleg prioritert i perioden.

Medlemsveksten dei siste åra har vore ein styrke for partiet, men dette har også medført eit auka behov for skolering, for å sikre at medlemmer veit korleis ein kan bli aktiv og bidra inn i partiet. Skolering som får medlemmer til å ta på seg verv og som sørger for at dei som har verv er trygge i rolla har difor vore særleg viktig i perioden.

SV si skoleringsrekke for tillitsvalde er sentral for grunnskoleringa i organisasjonen, og er samansett av seks ulike kurs for lokallag. Alle fylkeslag har ansvar for at desse blir gjennomført årleg, i sine fylke.

I mars 2022 blei det lansert ei ny tillitsvaldskolering for fylkesstyre samansett av tre kurs: «Leiing av fylkeslag,» «Oppfølging av lokallag og folkevalde» og «Styrets juridiske ansvar.»

Det har blitt lagt ressursar i å utarbeide og vidareutvikle skoleringsressursar med både politisk og organisatorisk innhald for partiet, og i å systematisere arbeidet med skolering. Ressursbanken har blitt vidareutvikla og fått eit meir brukarvenleg uttrykk, noko som forhåpentlegvis vil gjere den meir brukt av medlemmer, tillitsvalde og folkevalde. I tillegg har lokallagshandboka blitt fornya og sendt ut i fysisk eksemplar til alle lokallagsleiarar.

Til valkampen i 2021 blei det utvikla eigne skoleringsopplegg som digitale tilbod:

- Ei organisatorisk skoloring fordelt på tre ulike opplegg:
 - Korleis planlegge valkampen lokalt
 - Korleis planlegge valkampen i ein pandemi
 - Grunnleggande SOME-kurs
- Ei politisk skoloring fordelt på tre ulike opplegg:
 - Arbeidsliv, velferd og fordeling
 - Ein grøn ny deal for Norge
 - Hovudbodskap for valkampen

Den digitale kompetansen partiet opparbeidde seg gjennom pandemien har gjort det enklare å gjennomføre skoloring digitalt. Det har difor blitt gjennomført ei digital skoleringsrekke for tillitsvalde i tema som økonomi, leining av lokallag, sosiale medium, Brandmaster, mobilisering og oppfølging av medlemmer, samt valkampplanlegging.

For å trygge tillitsvalde i vervet har det blitt gjennomført digital tillitsvaldskoloring basert på dei nye opplegga som var utarbeidd i 2020. SV har også laga eigne videoar om det å ha verv for å bidra til at medlemmer får eit tydelegare bilete av korleis ein kan vere aktiv i partiet.

Kampanjar og merkedagar

Etter fleire år der det ikkje var mogleg å ha store arrangement i samband med merkedagane, var det i 2021 endeleg mogeleg å arrangere ting meir eller mindre som normalt. Det er fastsett kva merkedagar som blir markert sentralt, og nokre av desse vert markert med eit større opplegg. Dette gjeld 8. mars, 1. mai og 5. juni. Desse tre dagane vert bygd ut med kampanjar, der ein fokuserer på dei tema som er valt.

Alle merkedagar og kampanjar har vore gjennomført i tråd med dei organisatoriske prioriteringane som er vedteke i arbeidsplanen, samt eit ønskje om å engasjere medlemmar til aktivitet i lokallaga. På dei tre merkedagane som vert markert med større opplegg, har det blitt produsert lesarinnlegg, interpellasjonar og andre ressursar til bruk for folkevalde og tillitsvalde. Det er også produsert flygeblad til utdeling på arrangement, samt materiell til deling i sosiale medium. I samband med 1.mai vart det også produsert ei sending på Facebook, med ulike gjestar, samt helsingar frå Audun Lysbakken til lokallag og samarbeidsorganisasjonar. Det var og ei sterk oppmoding til lokallag om å lage arrangement, åleine eller samarbeid med andre, i samband med desse dagane.

Til andre merkedagar som vert markert, har det stort sett blitt produsert ulike delemateriell til sosiale medium, samt lesarinnlegg til folkevalde.

Det blei også gjennomført kampanjedagar og aksjonsdagar i samband med stortingsvalet, der målet har vore å sikre mest mogleg aktivitet i organisasjonen i samband med valkampen. Derfor er desse dagane plassert på vekedagar, sidan fleire lokallag allereie har aktivitet knytt til helg. Nytt av året i 2021, var at det vart gjennomført digitale aksjonsdagar dagen før dei fysiske for å få spreidd budskapet mest mogleg, og for å sikre at det var handlingsalternativ for alle lokallag, uavhengig av pandemisituasjonen.

I 2022 vart dette gjort etter same lest som i 2021. Erfaringane frå desse åra er at det tek tid før aktiviteten i organisasjonen er på same nivå som før pandemien. Landsstyret ser det som ei viktig prioritering få opp aktiviteten framover.

Stortingsvalet 2021

Nominasjonsarbeidet

Landsstyret handsama tilbake i november 2019 ei sak om nominasjonsprosessar i partiet, der det vart vedtek mål og prosessar for arbeidet. Eit særleg uttalt mål var at nominasjonsprosessane fram mot det komande stortingsvalet skulle resultere i at SV stilte med fleire kvinner, personar med minoritetsbakgrunn og personar med tilknytning til fagrørsla og miljørørsla på førsteplass enn ved førre stortingsval.

Vidare blei det slått fast at alle fylkeslaga skulle vedta ein prosess for nominasjonsarbeidet på fylkesårsmøta i 2020, og nominasjonsprosessane for dei ulike valkrinsane skulle bli slutført så tidleg som mogleg, for å kunne starte valkamparbeidet tidleg. Landsstyret avgjorde også å legge arbeidet med uravstemming på is, og heller vurdere dette på nytt ved stortingsvalet i 2025.

Frå SV sentralt ble det utarbeidd eit forventingsnotat til kandidatar som takka ja til å stille på liste til stortingsvalet. Landsstyret vedtok å oppmode nominasjonskomiteane i krinsane om å ta denne lista i bruk. Då pandemien sette sitt preg på landet i mars, blei nominasjonsmøta raskt eit diskusjonstema, og det blei satt i gang eit arbeid med å få opp eit system der møta kunne bli gjennomført digitalt på ein trygg og sikker måte, om det skulle bli naudsynt. Smittesituasjonen medførte at fleire av møta blei utsett, og gjort digitale. Mellom anna blei dette situasjonen for Oslo SV sitt nominasjonsmøte, som er av dei største politiske møta i Norge.

Valkampen

Arbeidet med å førebu valkampen 2021 starta allereie i 2020. Det var usikre tider på grunn av pandemien, så ulike vurderingar vart gjort på kor vidt ein skulle lage ulike strategiar, men ein landa på å lage ein skalerbar strategi, som kunne justerast opp eller ned, avhengig av korleis pandemien utvikla seg.

Det blei laga ei eiga dreiebok for valkampen, som blei styringsverktøyet for planlegging av den politiske og organisatoriske valkampen for partileiinga og valkampsekretariatet. Denne blei diskutert og vidareutvikla fortløpande i arbeidsutvalet og den sentrale valkampgruppa.

På grunn av pandemien vart nominasjonsmøta i organisasjonen gjennomført digitalt. I etterkant av nominasjonsmøta vart det gjennomført workshops med dei kandidatane som ønskte dette, for å legge ein plan for valkampen og kommunikasjon rundt kandidaten. Det har vore brukt mykje ressursar på å sørge for at kandidatane til ei kvar tid hadde den støtta dei trengte for å drive valkamp.

Pandemien hadde og nokre positive utslag, særleg når det kom til skolering, då terskelen for å gjennomføre digitale skoleringar var låg. Til dømes vart alle kandidatane invitert til møte med stortingsrepresentantane kvar veke, der ein gjekk igjennom arbeidet i dei ulike komiteane.

Valkampen 2021 starta tidleg i året, med ulike lågterskelaktivitetar for å få med lokallag på aktivitet. Gjennom heile valkampen var det eit høgt fokus på å ha variasjon i aktivitetar og handlingsalternativ for organisasjonen, slik at ein heile tida sikra at ein hadde høve til å delta uavhengig av smittesituasjonen.

Hovudsaker

SV gjekk til val på to hovudsaker: kamp mot ulikskap og for miljø, og heldt fram med å bruke same slagordet "For dei mange - ikkje for dei få". Dette var og utgangspunktet for valkampane som var køyrt i fylkeslaga. Landsstyret konkretiserte dette gjennom eit vedtak for valkampen med ti underpunkt som eksemplifiserte hovudsakene. Dette vedtaket har seinare lagt til grunn for både sonderingane på Hurdal og forhandlingar med regjeringa i etterkant.

SV-appen

SV-appen vart lansert to veker før valdagen, hausten 2021. Det vart lagt ut ei oppgåve i appen kvar dag, og desse gjekk mellom anna ut på å dele video, bilete eller statusoppdateringar i sosiale medium, eller å snakke med venar og kollegaer om SV-politikk. Innan valdagen hadde 1481 personar lasta ned appen, og i slutten av september hadde 785 «apptivistar» til saman løyst 3993 oppgåver, i snitt fem oppgåver kvar.

Av alle oppgåver som blei lagt ut, var det «Snakk med ein ven om valet», som kom best ut. Sannsynlegvis fordi mange ønskjer å ta del i politiske samtalar, samtidig som ein kan vere redd for å ikkje kunne nok om SV sin politikk. Ved å få oppgåver i appen kan medlemmer få det ein treng av informasjon om SV sin politikk og viktigaste argument. På denne måten kan medlemmer føle seg meir trygg når dei vil snakke om til dømes klimakrisa, og kvifor SV er partiet som har dei beste løysingane.

Ringesentral

I førebuinga til valkampen blei det vedteke at SV skulle vidareføre fokuset på direkte veljarkontakt som starta i samband med valkampen 2015, og som også var fokus i valkampen 2017. Det blei avgjort at vi også i denne valkampen skulle ta kontakt med veljarar på telefon, gjennom etablering av ein nasjonal ringesentral.

Vinteren 2021 starta vi å få analysar gjort av Prognosesenteret, der ein kunne sjå kva grunnkrinsar SV har god oppslutning i. Dette arbeidet ble rulla ut i løpet av våren då vi fekk på plass ei kartløyning, og deretter kunne velje krinsar for kvar vi skulle ringe i valkampen.

Nytt i denne valkampen var desentraliserte ringjesentralar i større byar, og at den nasjonale ringjesentralen var eit samarbeid med både Oslo og Akershus valkrets.

Valkamp lokalt

Dei fleste lokallaga dreiv tradisjonell valkamp ved å stå på stand dei siste fire laurdagane i valkampen, og gjennom deltaking på nasjonale og regionale aksjonar, arrangement og anna valkampaktivitet. Det var om lag like mange lokallag som medverka i valkampen 2021 som det har vore i tidlegare valkampar.

SV fekk og ei stor løyving frå LO, som gav moglegheit til å dele ut over ein million kroner til aktivitet i fylkeslaga, etter søknad.

Resultat

SV gjekk fram 1,6 prosentpoeng i oppslutnad, frå 6 % i 2017 til 7,6% i 2021. Dette gav partiet 13 stortingsrepresentantar, ein auke på to representantar frå førre periode. Saman med Arbeiderpartiet og Senterpartiet gav dette oss eit fleirtal på Stortinget. Etter at regjeringssonderingane på Hurdal braut saman har SV gått i opposisjon. Samtidig er SV regjeringa sin føretrekte budsjettpartner.

Kommunevalet 2023

Arbeidet med å førebu organisasjonen på arbeidet med listestilling og kommuneval starta for alvor på vårparten 2022. Det var mellom anna gjennomført listekampanje, som oppmoda medlemmer om å stille seg på liste, og rigga planer for gjennomføring av listearbeidet.

Landsstyret vedtok sommaren 2022 ein plattform for lokalvalet, slik at organisasjonen fekk ei retning å jobbe etter. I tillegg til å vidareføre sakene som vart jobba med i stortingsvalet, vart det og uttrykt eit ønskje om at lokallaga fann gode lokale saker som ville skape engasjement lokalt.

På haustparten 2022 vart det satt i gang ein stor kampanje med namnet «Meiner du mykje om,» der lokallaga skulle finne heilt lokale saker å køyre kampanjar på. Om lag 150 lokallag deltok i kampanjen. Tanken bak denne kampanjen var at den skulle vere ei oppvarming til kommunevalet.

Sosialistisk Ungdom

SV har hatt eit godt samarbeid med Sosialistisk Ungdom i perioden, både i den ordinære drifta, og i førebuingar og gjennomføring av valkampen. Det har vore gjennomført jamlege møter mellom partisekretær og leiinga i SU.

Hausten 2021 blei det i samarbeid med SU arrangert ei samling for unge folkevalde, med rundt 30 deltakarar.

Utoverretta arrangement

Landsstyret har gjennom arbeidsplanen vedteke at ein ønskjer at SV skal vere eit utoverretta, inkluderande og mangfaldig parti som inviterer folk med på laget, og frå 2022 har målet vore å styrke dette arbeidet ved å vidareutvikle arenaer og møteformer der medlemmene kan gje innspel og få entusiasme rundt SV sitt politiske prosjekt.

Det er utarbeidd malar til ulike arrangementskonsept som Sosialistisk Venstreparti, Gatefest, Folkemøte/ope møte, duellmøte, Gje SV beskjed, Barselkafe, Ut i naturen med SV, byttemarknad, Raud-grøn kaffi, Ny i SV- møte, medlemsmøte og SV-kafe. Fleire malar er tilpassa mellomstore og små lag, slik at alle lokallag skal ha høve til å arrangere opne møte.

Pandemien har i stor grad medført nytenking rundt gjennomføring av arrangement, i tråd med gjeldande smittevernråd. Planar vart gjort om, det vart satsa meir på arrangement og arbeidd konkret med kompetanseheving i lokal- og fylkeslag på gjennomføring av digitale arrangement, spesielt live- sendingar på sosiale medium. Under valkampen 2021 blei det ei lette i restriksjonane, noko som medførte at det kunne bli gjennomført ti større folkemøte med partileiinga. Folkemøta har blitt vidareutvikla slik at dei no passar til fleire enn berre partileiaren.

Gjennom hausten 2022 har lokallaga hatt tilbod om skoloring på arrangement, slik at kompetansen og organiseringa av utoverretta arrangement har blitt vidare styrka på mobilisering og konsept.

Programprosessane, både nasjonalt og lokalt, har ført til innspelsrundar frå organisasjonar, lokalsamfunn og enkeltpersonar.

Landsstyret har hatt eit uttalt ønskje om at partiet skal vere meir tilgjengeleg og nå ut til nye veljargrupper, ved at det blir gjennomført arrangement på nye arenaer og møtestader. Fylkes-

og lokallaga har blitt oppmoda om å aktivt søkje dialog og samarbeid med eksterne aktørar, og å ha opne arrangement på inkluderande og universelt utforma stader, med tariffavtale.

Kommunikasjon og digitale plattformer

Sv.no, e-postlister, nyheitsbrev, app og sosiale medium har vore sentrale element i den interne og eksterne kommunikasjonen. Dei ulike digitale flatene har blitt brukt til kampanjar, verving, medlems- og veljarkontakt. Det har vore arbeid med å utvikle desse flatene, og det har mellom anna blitt gjort eit arbeid med å forbetre nyheitsbrev. Zetkin har blitt operasjonalisert og brukt i fleire lag for å ringe og organisere frivillige og medlemmer. Zetkin har i 2022 fått ei stor oppdatering som skal forenkle og effektivisere mellom anna valkampaktivitetar, kampanjar m.m. i 2023.

Partiet sin grafiske profil og visuelle identitet blei oppdatert i 2020 og er på tampen av 2022 blitt godt integrert på tvers av partiet. Dette har gitt eit solid og gjennomgåande uttrykk som er lett å kjenne igjen, og som skal gjere det enklare å skape eit informativt innhald til digitale flater for både små og større lag. Gjennom sosiale medium er det forsøkt å dekke alle segment av veljarar, gjennom å bruke dei ulike plattformene (Facebook, Instagram, Twitter og TikTok) til å nå ulike aldersgrupper/målgrupper.

SV har mellom anna vore først av dei norske partia til å vere til stade på TikTok. Dette ser ut til å vere essensielt for å nå dei yngre veljarane, og veljarar som snart kan stemme for første gong. I tillegg veks plattformar raskt og det kan vere store moglegheiter for å nå breitt i denne kanalen i framtida. Det er i tillegg etablert ein viss forskjell i tonen på Instagram og Facebook, der Instagram dekker eit gjennomsnittleg yngre publikum enn Facebook. Dette ser ut til å fungere bra i dag, men målet er å styrke breidda i typen innhald for ulike plattformer ytterlegare framover.

Sosiale medium var eit viktig og effektivt verkemiddel i valkampen 2021, både for spreiding av informasjon, men også for aktivisering av medlemmer. SV blei ein av dei store vinnarane på å nå ut til folk, og gjennom eit kampanjesamarbeid med pop-magasinet 730 blei «Forskjellsnorge Stigespill» den mest suksessfulle konkurransen/kampanjen magasinet har gjennomført. Det ble eit tydeleg døme på kor breitt eit kreativt konsept kan treffe i valkamp.

Eit etablert mål har også vore å lære opp lokallag til å promotere seg sjølv via sosiale medium, og dette blir spesielt viktig inn mot kommunevalkampen 2023. Det er viktig å oppretthalde digitalt nærvær, og då er det nødvendig at alle som treng det får nødvendig opplæring.

Vedlegg

Tilsette i perioden

Ved utgangen av perioden har SV 26 tilsette. Dette er fordelt på 14 stillingar og 13,1 årsverk på partikontoret, og 13 stillingar og 11,1 årsverk i fylka. I tillegg har to tillitsvalde blitt frikjøpt i perioden.

Landsstyret har styrka ressursane på partikontoret, ved at det har blitt oppretta egne stillingar for å arbeide med oppfølging av folkevalde, skoloring av medlemmer og tillitsvalde, samt ei styrking av økonomifunksjonen for å kunne ta over rekneskapsføringa for fylkeslag som ønskjer dette.

I løpet av perioden har tre fylkeslag valt å overføre arbeidsgjevaransvaret til SV sentralt, slik at frå 1.1.2023 er alle fylkessekretærene tilsett sentralt. Sentralisering av tilsetjingsforholda betyr at fylkeslaga framleis har arbeidsleiaransvaret for sekretæren, medan SV sentralt utøver det formelle arbeidsgjevaransvaret. Det er inngått egne avtalar med fylkeslaga om finansiering av stillingane.

Løna tillitsvalde

Namn	Stilling	2021	2022
Kirsti Bergstø	Nestleiar	1.1.-30.9.	-
Audun Herning	Partisekretær	Heile året	Heile året

Fast tilsette

Namn	Stilling	2021	2022
Eli Ulvestad	Dagleg leiar	Heile året	Heile året
Hilde Longva	Økonomisjef	Heile året	Til 31.3.
Dag Kühle-Gotovac	Økonomileiar	Frå 1.10.	Heile året
Marit Nagel Rønningen	Økonomirådgjevar	-	Frå 1.9.
Kristian Fjellanger	Leiar for kampanjeavdelinga	Heile året	Heile året
Henriett Røed	Kampanjerådgjevar	Heile året	Perm. frå 21.8.
Jørgen Hammer Skogan	Folkevaldrådgjevar	-	Frå 8.8.
Kristoffer Kinden	SoMe-rådgjevar	Heile året	Til 30.11.
Jens Karlsen	SoMe-rådgjevar	-	Frå 11.10.
Silje Amundsen Faugli	Grafisk rådgjevar (60%)	Heile året	Heile året
Endre Flatmo	Organisasjonsrådgjevar	Heile året	Til 31.8.
	Leiar for organisasjonsavdelinga	-	Frå 1.9.
Nils-Erik Aasen Flatø	Organisasjonsrådgjevar	Permisjon	Perm. til 30.4.
Marius N. Ramslund	Organisasjons- og IT-rådgjevar	Heile året	Til 28.2.
Felix Vaager	Organisasjons- og IT-rådgjevar	-	Frå 1.3.
Stine Solvoll Navarsete	Organisasjonsrådgjevar	-	Frå 1.8.
Bodil Kildahl Rosseland	Administrasjonssekretær	Heile året	Til 14.8.
Selyn Fararuni	Administrasjonssekretær	-	Frå 1.10.
Janne Grøttumsbråten	Administrasjonssekretær (50%)	Heile året	Heile året

Rakel Hagen Olsen	Distriktssekretær, Troms og Finnmark SV	Heile året	Heile året
Ina Nyås Moe	Fylkessekretær, Nordland SV	Heile året	Heile året
Ida Husby	Fylkessekretær, Trøndelag SV	Frå 9.8.	Heile året
Frode Nystuen	Fylkessekretær, Trøndelag SV (40% permisjon frå 1.10.21, arbeider 60%)	Heile året	Heile året
Morten Heszelein	Distriktssekretær, Møre og Romsdal SV og Vestland SV	Heile året	Til 28.2.
Kari Gagnat	Fylkessekretær, Møre og Romsdal SV (50%)	-	Frå 1.8.
Sigrid Sandal	Organisasjonskonsulent, Vestland SV	-	Frå 15.8.
Guttorm Strande Syrrist	Distriktssekretær, Agder SV (50%)	Heile året	Heile året
Marit Nagel Rønningen	Fylkessekretær, Vestfold og Telemark SV	Heile året	Til 31.8.
Anniken Beckstrøm	Fylkessekretær, Vestfold og Telemark SV	-	Frå 15.8.
Mathias Malmgren	Distriktssekretær, Viken SV	Heile året	Perm. frå 1.11.
Øistein S. Lysne	Organisasjonskonsulent, Viken SV, 40%	Frå 1.7.	Til 17.7.
Elisabeth Amundsen	Distriktssekretær, Innlandet SV	Heile året	Heile året
Ane Fidjestøl	Fylkessekretær, Oslo SV	Sentralt tilsett frå 1.9.22.	

I tillegg er det tilsett fylkessekretær i Rogaland SV.

Mellombels tilsette

I tillegg til dei faste stillingane, har nokre medarbeidarar vorte tilsett på mellombelse kontraktar. Dette har i hovudsak vore snakk om vikarbehov for tilsette som har heilt eller delvis permisjon, samt ekstra bemanning i valkampen.

Namn	Stilling	2021	2022
Christine Bergan Yang	Administrasjonssekretær på partikontoret, vikar (20%)	Til 31.10.	-
Torje Hausvik Olsen	Valkampmedarbeidar på partikontoret	7.1.-31.12.	-
Petter Dotterud Anthun	Organisasjonsrådgjevar på partikontoret, vikar	Heile året	Til 31.7.
Anette Arneberg	Organisasjonsrådgjevar, Oslo SV	-	Frå 15.8.
Sigve Fredriksen	Organisasjonskonsulent, Viken SV (40%)	-	Frå 24.10.
Rose Teigen-Fagerheim	Fylkessekretær, Viken SV, vikar	-	Frå 1.11.
Mathias Malmgren	Kampanjerådgjevar på partikontoret, vikar (permisjon frå stillinga som fylkessekretær for Viken SV i same periode)	-	Frå 1.11.

Løn og arbeidsvilkår

SV følger landsoverenskomsten mellom Handel og Kontor (HK) og Arbeiderbevegelsens Arbeidsgiverforening (AAF). I tillegg er det inngått egne lokale avtaler mellom arbeidsgjevar og HK-klubben om lønspolitikk, arbeidstid etc. Tilsette i stortingssekretariatet og i partiet er omfatta av det same lokale avtaleverket, slik at ein har like vilkår. Det lokale avtaleverket er reforhandla i 2022.

Alle medarbeidarar blir ved tilsetjing plassert inn i ein ansiennitetsstige, etter vurdering av kva kompetanse og ansiennitet dei tek med inn i SV. Tilsette kan innplasserast i seks ulike stillingskategoriar, jamfør oversynet nedanfor. Nestleiar og partisekretær er valt og blir dermed ikkje innplassert i dette systemet.

Dei ulike stillingskategoriane, fordelt på kjønn per 31.12.2022:

Stillingskategori	Totalt		Kvinner		Menn	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Hospitantar	0	0 %	0	0 %	0	0 %
Konsulentar	4	15 %	3	75 %	1	25 %
Organisasjonssekretær	11	41 %	9	82 %	2	18 %
Rådgjevarar	8	30 %	3	38 %	5	62 %
Mellomleiarar	3	11 %	0	0 %	3	100 %
Administrativ leiing	1	4 %	1	100 %	0	0 %
Totalt	27	100 %	16	59 %	11	41 %

Kvinnelege og mannlege tilsette har lik løn for likt arbeid. Tilsette i SV har arbeidstidsordningar og avtaler som er foreinleg med å vere småbarnsforeldre. Alle tilsette har gode moglegheiter for og blir oppmoda om å ta etterutdanning.

Sjukefråvær

SV var IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) inntil ordninga vart avvikla, og har vidareført intensjonane i ordninga etter avviklinga, med mellom anna utvida rett til bruk av eigenmelding ved sjukdom. Det har vore lågt sjukefråvær i perioden, med eit fråvær langt under landsgjennomsnittet. Det legemeldte sjukefråværet var i 2021 på 2,65%, og det totale sjukefråværet var 3,59%. I 2022 var det legemeldte sjukefråværet på 2,04%, medan det totale sjukefråværet var 4,16%. Mykje av sjukefråværet i 2022 kan skrivast til første kvartal, då den store smittebølga av korona kom.

Spesielt om kontorsituasjonen

Dei tilsette både på partikontoret og i fylka har hatt heilt eller delvis heimekontor også delar 2021 og 2022, som ei følge av restriksjonar under pandemien. Dette har gitt utfordringar, både med tanke på fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar og for den daglege samhandlinga mellom kollegaer. Alle tilsette har fått høve til å kjøpe inn kontorutstyr for å legge til rette for heimekontor på best mogleg måte. Mykje av møta og samhandlinga kollegaene i mellom har vore meir digital, slik som møteverksemda elles i organisasjonen. Medarbeidarane har vore løysingsorientert og gjort det beste ut av situasjonen, sjølv om arbeidssituasjonen har vore tidvis krevjande.